

## GAMLE VALDRES-SPELMENN

### III.

#### NILS BEITOHaugEN

All sann kunst er merka av den person som skaper kunst eller ber ho fram. — Det gjeld ogso i song og musikk.

Dei gamle bondespelmenn nådde høgdi når dei makta å leggja sitt eige livslynde i spelet. Difor vart dei ymse spelmenn mykje ulike i spelmanaen endå um dei hadde same lære-meister.

Knut Ringestad, Gullik Teigstad, Ola Strand og Krosshaugen var alle lærlingar av Jørn Hilde. Dei spela stort set slåttane likt — so likt at dei fleire saman kunne spela slåttane saman og samstundes, men likevel hadde dei alle kvar sitt serdrag i spelet sitt.

Nils Beitohaugen var nærmast læresvein av Krosshaugen og ein ekte kunstnarnatur, med eit sermerkt drag i spelet sitt. Ein kan seia at han spela Hilde-spel — på eit vis — då lære-meisteren han, Krosshaugen, hadde lært mest av Hilde; men likevel var det lite av Hilde-dåm over spelet hans. Grunntoet var der, same oppbyggjing, same ristetak og dobbeltgrep som i Hilde-spelet, men på same tid heilt ny farge og flukt over spelmanaen. Det var ikkje den breide, runde, fulltonande klang og dei trollske bogekast som var so sermerkt hjå Jørn Hilde. Nei! Men tirlande fint og sylvklårt og med ei makelaust til-måta småkroting, kanskje litt for mykje av hakkande, hoppande bogeføring — samanlagt eit heilt personleg, kjenslefint spel. Han likna ikkje på nokon av dei gamle spelmenn som hadde lært beinveges av «Hilme gutten». Det var ekte Beitohaugs-spel, med litt islett av Krosshaugen.

So personleg utmeisla var Beitohaugs-spelet at ingen som livde saman med han, eller no liver etter han, ikkje eingong hans eigen

son, som stort set er ein bra spelmann, hev den minste smak av sjølve Beitohaugs-spelet. Det var det varnæme, stillfarande, kravlause, men samstundes sjølvtrygge huglyndet hans som glitra og skein igjennom slåttane. Eigen dåm og eget drag fullt gjennomført! Det var ingen likskap med nokon av alle dei gode spelmenn som livde saman med han i Øystre Slidre dalføre eller i andre bygder i Valdres, frårekna Krosshaugen i Vang. Det var sikling og silding av fjellbekken, dei ville sprell og kast fra stormane over Birhorn og dei andre nutar og skar nordover etter Bygdin-fjorden. —

Det var gammalt Valdres-spel, kan ein seia, men med ein heilt ny tonellaum og ny fargebragd med små, personlege islett her og der, høveleg og fint tilmåta.

Ingen spelmann i Øystre Slidre eller andre stader har i samtidi eller seinare havt so personleg og småfint eit spel. Og tilslett: Ein må med sorg sanna at med Nils Beitohaugen døydde den siste rest av Krosshaugslåttane ut i Valdres. Og ein må sanna endå meir, at det personlege flogvitt vert meir og meir sjeldsynt i Valdres-spelet etterkvart. Dei unge som no kjem til, og som både syner evne og vilje til å halda på folkemusikken, dei vanvyrder synbert det som er rotekte i Valdres-musikken. Ikkje eit ekte drag har dei av Hilde-guten eller av Beitohaugen — helst lån frå Telemark og andre bygder.

Olav Moe.

\*

#### VANG VARET VIKTIG ARNESTED

#### FOR FOLKEMUSIKK

Det er nokså bekjent at øvre Valdres gjennom tidene har hatt en rekke fremragende spillemenn og en rikdom av gamle stæv, melodier og slåtter. Det viste sig allerede da organist Ludvig M. Lindemann i 1840 og utover begynte å optegne gamle toner, melodier og slåtter, at av 539 som da kom på trykk, var over 300 funne i Valdres. Senere har flere musikkinteresserte fortsatt dette arbeide, og gjennemfaret bygdene og optegnet en del helst hos eldre spillemenn. Likevel kan man vel gå ut fra at en del av disse historiske kunstsatter er gått tapt.